



Jf. adresseliste

Sakshandsamar: Finn Owen Meling
Telefon direkte: 45427874
Dato: 14.12.2017
Referanse: 17/00267-49

Høring - søknad om dispensasjon frå kravet om konsesjon for landingsplass på sjø i kommunane Stryn, Ulvik, Eid, Eidfjord og Sogndal

Scandinavian Skies AS (org 816 761 352) har søkt om dispensasjon frå kravet om konsesjon for å driva og inneha landingsplass for sjøfly i kommunane Stryn, Ulvik, Eid, Eidfjord og Sogndal for ein driftssesong.

1. Nærare om søknaden

Scandinavian Skies AS søkte første gong 16.02.2017 om dispensasjon frå kravet om konsesjon for å driva og inneha einskilde landingsplassar for sjøfly i Stryn, Ulvik, Nordfjordeid, Eidfjord og Ullensvang for ein driftssesong.

Det gjekk fram av søknaden at selskapet skulle leggja til rette for ervervsretta rundflyging og taxifyging, med planlagt oppstart i april/mai 2017. Den aktuelle flyoperatøren ville nytta 2 til 3 flymaskinar av typen Cessna 206. Antall flyrørslar ville verta tilpassa etterspurnaden, men vera maksimalt 80 pr landingsplass pr veke. (Ei flyrørslar er i denne samanhengen definert som enten ein avgang eller ei landing.) Den nærare lokasjonen til landingsplassane, samt forventna inn- og utflygingstrasear, var viste på kart som var lagde ved søknaden. Søkjar ønskte å kunna la flyoperatøren fly i samsvar med reglane for VFR (Visual Flight Rules) frå soloppgang til solnedgang. Det var inngått avtalar med grunneigarane om bruk av landingsplass og marina.

I Luftfartstilsynet sitt vedtak 18.05.2017 vart Scandinavian Skies AS innvilga dispensasjon frå kravet om konsesjon for å drive landingsplass på sjø i kommunane Stryn, Ullensvang og Ulvik, på visse føresetnader. I Luftfartstilsynet sitt vedtak 07.06.2017 fekk selskapet også innvilga dispensasjon frå kravet om konsesjon for å drive landingsplass på sjø i kommunane Eidfjord og Eid, også her på visse føresetnader.

Selskapet har 8. november i år søkt om ny dispensasjon frå kravet om konsesjon, denne gang for landingsplass på sjø i kommunane Stryn, Ulvik, Eid, Eidfjord og Sogndal. Søknaden gjeld altså dei same landingsplassane som det førre søknad gjorde, men med unntak av Ullensvang, som no er erstatta med Sogndal.

Selskapet skriv i søknaden at dei har valgt dispensasjonssøknad framfor konsesjonssøknad for å danna seg eit bilete av kundepotensialet og kvar det kan være verdt å driva. Dette vil også gje kommunen eit høve til å vurdera verksemda framfor å ta stilling til ein konsesjon som varer i

fleire år. Selskapet meiner at dei treng ein heil sesong, med oppstart i april og med varighet ut september, kor dei vil kunna marknadsføra og gjera avtalar i vintermånadane. Dersom konseptet viser seg vellykka, så vil dei søkja konsesjon for 2019. Dette vil også kunna danna grunnlaget for investering i moderne og meir stillegåande turbinmaskinar av typen C208 eller Kodiak.

Selskapet skriv vidare at dei fekk dispensasjon for Stryn i 2017, men at dei aldri fekk starta opp der. Luftfartstilsynet forstår det slik at selskapet meiner at grunnen til dette er dei utfordringane som oppstod som følgje av konkrete krav/vilkår til landingsplassen i Stryn. Selskapet skriv også at dei fekk avslag i Nordfjordeid. Dette stemmer ikkje heilt, men vedtaket om innvilga dispensasjon i Eid kommune kom altså på visse vilkår, og det vart først treft i juni.

Eidfjord og Ulvik er dei einaste plassane selskapet har floge på dispensasjon, men på grunn av sein oppstart (juni) vart det ikkje mogleg å driva førehandssal på vinterhalvåret. Det har ikkje tidlegare blitt søkt om dispensasjon i Sogndal.

2. Nærare om høvet til dispensasjon frå konsesjonsregelverket

Kravet om at ein må ha konsesjon for å starta opp, driva eller inneha ein landingsplass kjem fram av luftfartslova § 7-5 første ledd. I andre ledd står det at departementet har høve til å gje dispensasjon frå kravet om konsesjon, under omsyn til «*landingsplassens karakter, trafikkenes omfang eller varighet eller andre særlige forhold*».

Med heimel i luftfartslova § 7-5 siste ledd, er det også gitt ei forskrift 11.01.2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplassar, etter dette omtalt som konsesjonsforskrifta.

I konsesjonsforskrifta § 3 blir utgangspunktet som kjem fram av lova gjentatt. Her står det at den som vil starta opp, driva eller inneha ein landingsplass må ha konsesjon frå luftfartsstyresmaktene (Luftfartstilsynet).

I tråd med § 19 i forskrifta kan likevel «*Luftfartsmyndigheten (...) når særlige grunner tilsier det, dispensere fra bestemmelsene i denne forskriften.*» Ordlyden i paragrafen knytter ikkje nærare vilkår til dispensasjonsadgangen.

Luftfartstilsynet finn etter dette at høvet til å få dispensasjon frå kravet om konsesjon, må bli knytt opp mot luftfartslova § 7-5 andre ledd og konsesjonsforskrifta § 19, og bli vurdert ut frå at dispensasjon er *eit klårt unntak* frå hovudregelen om konsesjon. Dispensasjon bør berre bli gitt dersom det ligg føre særskilde grunnar til det. Slike særskilde grunner kan være knytta opp mot landingsplassen sin karakter, omfanget av trafikken eller kor lenge trafikken varer, eller andre særkilde forhold.

3. Høyringa

Luftfartstilsynet vurderer førebels søknaden slik at det *kan* vera grunnlag for dispensasjon frå kravet om konsesjon. Me har då særskilt lagt vekt på at søknaden gjeld for ein sesong, med det føremålet å finna ut om det er kommersielt grunnlag for den type sjøflyging som søkjaren legg opp til.

Riktig nok var dette også føremålet med den førre dispensasjonsrunden. I utgangspunktet skulle det tilseia at rommet for dispensasjon no er brukt opp, med unntak av den nye landingsplassen i Sogndal. Luftfartstilsynet ser likevel at dei innvilga vedtaka om dispensasjon

for sommarsesongen 2017 kom svært seint i høve til å få testa ut om det er kommersielt grunnlag for flyging. Dette kan isolert sett tilseie at det kan vera hensiktsmessig å innvilga eit ytterlegare års dispensasjon, slik at det blir høve til å selja reiser til og frå landingsplassane i løpet av vinteren og våren.

Me syner for øvrig til førre høringsrunde. Luftfartstilsynet påpeikte då at ein ordinær søknad om konsesjon kan vera ein høvesvis kostbar prosess, og at ein slik søknad normalt vil dekkja ein tidsperiode på 10 år. Ordinær konsesjon krev også meir omfattande dokumentasjon, mellom anna dokumentert eksklusiv bruksrett til landingsplassen. Søkjaren gav uttrykk for at han ville vurdere å søkja om ordinær konsesjon dersom det viser seg å vera grunnlag for drift utover den gjeldande sesongen.

Luftfartstilsynet ønskjer å få høringsinstansane sine syn på søknaden, gjerne med ei skildring av erfaringar frå den flygeaktiviteten som føregjekk i sommar. Me ber høringsinstansane også denne gang om spesielt å vurdere omsynet til miljø, ikkje minst støy for omgjevnadane, og eventuelle forhold som knyter seg til tryggleik. Som i førre dispensasjonsomgang, så kan det vera aktuelt for Luftfartstilsynet å knyta vilkår til ein eventuell dispensasjon.

Luftfartstilsynet har allereie fått eit innspel frå Ulvik herad i saka. Dei tilrår å utvida dispensasjonsvedtaket for 2018. Det vil sjølvstøtt vera mogleg for heradet å komma med ytterlegare innspel i samband med denne høyringa.

4. Høringsfrist

Me ber om at eventuelle fråsegn til søknaden blir sende til Luftfartstilsynet **innan 10. februar 2018**.

Med unntak av dette høyringsbrevet, blir ikkje dokumenta som inngår i høyringa sende til høringsinstansane. Samtlege høyringsdokument, herunder bakgrunnsmateriale, er tilgjengelege på www.luftfartstilsynet.no, under fana «Høringer».

Kommunane må i samband med høyringa sjølv vurdere om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høyring før eventuelt fråsegn blir gitt.

Med venleg helsing

Nina B. Vindvik
juridisk direktør
Direktoratsavdelinga

Finn O. Meling
juridisk seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.

Vår dato
14.12.2017

Vår referanse
17/00267-49

Vedlegg:

- Søknad om dispensasjon frå kravet om konsesjon, med tilhøyrande vedlegg
- Vedtak om dispensasjon for Stryn, Ulvik, Ullensvang, mai 2017
- Vedtak om dispensasjon for Nordfjordeid og Eidfjord, juni 2017
- Høyring for første gangs søknad om dispensasjon, med tilhøyrande vedlegg

Adresseliste:

- Eidfjord kommune - postmottak@eidfjord.kommune.no
- Eid kommune - post@eid.kommune.no
- Sogndal kommune – postmottak@sogndal.kommune.no
- Stryn kommune - postmottak@stryn.kommune.no
- Ulvik herad - postmottak@ulvik.kommune.no
- Fylkesmannen i Hordaland - fmhpostmottak@fylkesmannen.no
- Hordaland fylkeskommune - hfk@hfk.no
- Sogn og fjordane fylkeskommune – post@sfj.no
- Fylkesmannen i Sogn og fjordane – fmsfpost@fylkesmannen.no

Kopi til: Scandinavian Skies AS